

Nr.7

DESEMBER 1991

24. ÅRG.

# Arna-barn og ordfører åpnet pepperkakebyen



**Underskrifter  
for prestegården**

Se side 7

**Bispevisitas  
9.-12. januar**

Se side 8

Biskop Per Lønning:

## Jole-evangeliet - eitt eller fire?

«Kor mang jole-evangelium har me?» «Sjølvsagt eitt», vil folk svara, «det med stall og krubbe, hyrdingar og englar og: I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut...» Jole-evangeliet — då tenkjer me med ein gong på forteljinga i Lukas 2, som me har høyrte lesen kvar einaste jol frå me var små. Gong, på gong, på gong, kvart einaste år. Mange kjenner seg snytte når dei kjem til kyrkja joledagen og oppdagar at no er det Johannes 1 som er hovudteksten (slik han var det i urgamal tid): «I upphavet var Ordet... og Ordet vart menneske...»

Eg skal seia meg samd i dette: der er berre eitt jole-evangelium, slik der berre er eit evangelium i det heile. Men då tenkjer eg ikkje på teksten hjå den eine evangelisten eller den andre. Eg tenkjer på det alle dei 4 nedskrivarane har sams: trua at Gud ein gong gjorde det heilt makelause — steig ned til vår jord og vart ein av oss. Han vart vår så me skulle verte hans.

Korleis ber dei fire evangelistane våre bod om dette? Gamle kyrkja tala aldri om «evangelia» i fleirtal: Matteus-evangeliet, Markus-evangeliet o.s.b., men om evangeliet, det einaste og eine, «etter» kvar av dei fire evangelistane. Eitt evangelium fortalt på 4 ulike måtar. På same måten er jol og påske, himmelferd og pinse hendingar som alle peikar på det eine gledesbodet: Guds Son — vår bror — heimens frelsar. Litt tilkvesst kunne me spørja om det i det heile har meining å seia «Jole-evangeliet» — som om det var råd å peika ut jola for seg, skild frå dei store frelses-hendingane som skulle fylgja!


Likevel kan det vera gagnleg å taka for seg dei fire evangelistane sin jolebodskap kvar for seg. Ingen stad er dei fire parallelle forteljingane om Jesu liv så ulike som nett her. — Best er me vel fortrulege med **Lukas**-utgåva, som alt er nemnd, og som til dagleg rett og slett går under namnet «Jole-evangeliet». Treffande har det vore sagt at Lukas gjev oss hendingane slik Maria har opplevd dei, alt frå engelen kom med bod, via klutar og krubbe, fram til ho med hjarta i halsen fann att den bortkomne 12-åringen Jesus i tempelet i Jerusalem. — Men **Matteus**-soga kjenner me og godt, ikkje minst skildringa av dei vise frå Austerland og den skinande stjerna. Det er elles iaugnefallande kor Matteus heile vegen ser hendingane frå Josef sin synsstad og framhevar dei ikkje få vanskelege avgjerdene han laut taka.

Av eit heilt anna slag er framstilling hjå **Johannes**. Her er det heile sett «under æva sin synsvinkel»: Gud av Gud, ljøs av ljøs, kjem til verda og vert menneske i kjøt og blod, ein mellom oss. Sjølje skaparunderet frå alle tings opphav tek seg opp att, vert nært og vert nytt, så det store «Vert ljøs!» sprengjer vårt og verdsens mørker. På hugtakande vis syner Johannes oss det heile frå Guds synsstad. — Men den fjerde evangelisten då, **Markus**, kva med han? Ja, det kan henda det mest tankevekkjande av alt: hjå Markus, som visstnok var den fyrste på banen mellom evangelistane, finst der i det heile ikkje noka jole-forteljing. Markus tek til med Jesus 30 år gamal. «Starten på Jesu Kristi evangelium», skriv han, og går beinveges laus med Johannes Døyparen og Jesu dåp. Ei gagnleg påminning til oss om ikkje å stansa framfor det vene, vesle barnet i krybba. Me må vidare til den vaksne Jesus og til eit fullført frelsesverk. Det svimlande himmelske perspektivet vert vårt gjennom beisk strid og sjøvlgløymande offer.

Fleire vitnemål, ei sak. Lat oss ikkje gro fast i Lukas-forteljinga så me misser rikdomen ved å høyra inn dei tre andre: ein kvartett er rikare i klangverknad enn ei solørøyst. Men lat oss heller ikkje verta opptekne av mangfeldet på ein slik måte at me overser einfeldet! Frelsaren er ein, og frelsesverket eitt og det same. «Han er Frelsar min» — i den bodskapen møtest dei fire, og den eine gjev synsdjupne til den andre.

Velsigna jolehøgtid!

Dykkar  
Per Lønning



## Julefest Unneland

Familiejulefest på Unneland Bedehus 27.  
desember kl. 18.00.

## Ny kontortid ved Ytre Arna prestekontor

Kontortida ved Ytre Arna prestekontor  
vart endra frå 1.11.91.

Tidene er no:

Tirsdag: .....kl. 18.00 - 19.00

Onsdag: .....kl. 10.00 - 11.30

Fredag: .....kl. 10.00 - 11.30

## JULEKONSERT

**SØNDAG 15. DESEMBER KL. 19.00.**

Medverkande:

Arna Kyrkjekor

Haukeland Songlag

Unnelandskoret

Arnavågen Musikklag

Andakt ved sokneprest Kjell Nese.

KOLLEKT!

## VI SYNG JULA INN

**SØNDAG 22. KL. 19.00.**

Medverkande:

Arna Kammerkor

Arna Kyrkjekor

Arna Barnekantori

Keryx

Messingensemble

Orgel

Kap. Trygve Johansen.

KOLLEKT!

## JULEFESTAR I ARNA BEDEHUS

**Fredag 27. desember kl. 17.00**

**JULEFEST**

Ved Barnerøyster og Søndagsskolen

Andakt ved Maria Ulvesæther

Sang av Barnerøyster

**Søndag 5. januar kl. 18.00**

**JULEFEST**

Tale ved kap. Trygve Johansen

Song ved Arna kammerkor

Musikk ved Aud og Per Bjørkhaug

## LAGSKORT ER JULEKORT - JULEN 1991

### KJØP LAGSKORT I ÅR!

Gled venner og kjente med en julehilsen på Lagskort  
Alle setter pris på en hilsen fra deg, og vi tror det er lurt å velge Lagskort.

### GODE GRUNNER FOR DITT VALG:

- 1) Du støtter Lagsarbeidet.
- 2) Du bringer julens budskap til venner og kjente.
- 3) Du holder vedlike en god tradisjon.

GLEM IKKE JULEHILSENE I ÅR. VELG BLANT 20 MOTIVER  
BESTILL BROSJYREN FRA NKSS TLF 02-20 89 35

Kortet på foregående side er et lagskort.

# 50-års konfirmantar



50-års konfirmantane samla i Ytre Arna kyrkje 29.9.91.

1. rekke frå v.: Dagny Hallset (f. Strøm), Solveig Nelson (f. Ekanger), Oddny Tunestveit (f. Olsen), Sigrid Bråten (f. Vikne), Johanna Sire (f. Gaupås), Borghild Nævdal (f. Lillebergen).

2. rekke frå v.: Anbjørg Hjortland (f. Langeland), Knut Stokke, Kap. Trygve Johansen, Erna Sæther (f. Kalsås), Mary Slengesol (f. Hansen), Solveig Fjellskålnes (f. Hundhammer).

3. rekke frå v.: Bjarne Rivenes, Kurt Veve, Arild Endresen, Bjarne Rolland, Sverre Skulstad, Erik Torp, Margun Almellingen (f. Klausen).

## STOR JULETREFEST

**Lørdag 4. januar kl. 16.00 i Arna kyrkjelydshus**

Nissespel

Juletrengang

Besøk av Nissen

Matøkt

og mange, mange andre spanande ting

Kr. 50,- pr. familie

Kr. 15,- pr. pers.

Førehandsalg av billetter på Arna kyrkjekontor tlf. 24 02 15/ 24 04 00.

VEL MØTT!

Arrangør: Arna Barnekantori

**T**akk for de vonde dagene Gud,  
- uten dem, hvordan skulle  
jeg ellers fullt kunne sette  
pris på de gode du gir?

*Takk for erfaringen av alle  
feiltrinn jeg har tatt*

*Takk for at jeg fikk oppleve  
ensomheten, sorg og savn.*

*Takk for redsel, angst, mot-  
løshet og smerte.*

*Takk for svik, ydmykelses,  
tap og nederlag.*

*Takk for fordømmelse og  
løgner Gud, og takk for  
alt snakket bak min rygg.*

*Uten alt dette, hvordan  
skulle jeg ellers fullt kunne  
forstå et annet menneskes  
nød - og hvordan skulle jeg  
ellers kunne se hvem som  
er mine sanne venner?*

**T**akk for følelsen av ikke  
å ha verdi - ikke være verd  
å være glad i. Det har  
lært meg hvor viktig det  
er å vise andre hva de  
betyr for meg.

*For en tid tilbake hadde  
jeg et sterkt ønske om å  
få slippe å leve lengre.*

*Takk for at du så min  
kamp Gud, og ikke slapp  
meg av syne.*

*Takk for at du sendte en  
i min vei som grep hånden  
min i siste sekund -  
en som var like forkommen  
og alene som jeg selv.*

*Takk for at du så hva  
jeg trengte til og sendte meg  
en som trengte meg.*

**T**akk for at jeg klarte å ta  
i mot.  
*Takk for at du ga meg en  
å plukke blomster til,  
dele med,  
knele med,  
be og være stille sammen med.*

*Takk for at jeg fikk en skulder  
å gråte på.  
Gjennom deg har jeg rettet ryggen  
og tør se fremover.*

*Takk for livet,*

*Takk for nåden,*

*og takk for de vonde dagene Gud!*

**Inger Johanne**

# Underskriftslister



Som lesarane av Kyrkjelydsbladet nok kjenner til av omtale i lokalavisen, har det skjedd ei gledeleg utvikling for den gamle prestegarden vår her i Indre Arna, den siste tida. Då forhandlingane om overtaking av eigedomen mellom Kyrkjedep. og Bergen kommune nok ein gong braut saman, her for vel eit halvt års tid sidan, vart eigedomen med påståande bygningar av dep. lagt ut for sal på den private marknaden, gjennom eit privat eigedomsselskap i Bergen. Etter påtrykk frå Bydelsutval - Kulturkontor - privatpersonar og presseomtale her lokalt, trekte dep. ved statsråd Gudmund Hernes tilbake salsmeldinga på bustaden. Og gav dermed Brg. kommune nok eit høve til å sikra seg dette praktfulle huset.

No då saka er inne i ei positiv utvikling er det viktig og fylgja opp. Til å føra dette arbeidet vidare er det nedsett eit interimsstyre der fylgjande personar er med: Jens

K. Hauge, Sverre Gaupholm og Bjarte Gjellesvik. Interimsstyret si viktigaste oppgave frametter vert og fremja saka ovanfor den politiske og administrative leiinga i Brg. kommune. Dessutan og sankt stød for saka her lokalt. I den næraste framtid vil det verta lagt ut underskriftslistar på forretningar og postkontor i bydelen, der dei som ynskjer og stø denne saka kan skriva seg på. På nyåret ein gong vil det verta lyst ut eit ope møte der det vil verta orientert om saka, og der det vil verta valgt eit permanent styre til å føra arbeidet vidare.

Går det som vi vonar kan vi kanskje ynskja soknepresten og huslyden hans vel møtt i nyoppussa prestebustad til neste jul. Det hadde vore ei fin julegave til oss alle.

GOD JUL.

for Interimsstyret  
Bjarte Gjellesvik

# Bispevisitas i Arna

## 9. - 12. januar

Biskop Per Lønning kommer på visitas i Arna prestegjeld fra 9. til 12. januar. Hans oppgave er da å se saumfare forholdene i menigheten, og han kan komme med råd, med refs eller ros, alt atter det han finner. Forrige gang det var bispevisitas i Arna var i 1982, og det er et normalt mellomrom mellom bispevisitaser.

Sokneprest Kjell Nese sier at programmet er lagt opp til at det blir mange skolegudstjenester. På den måten får hvert skolebarn et møte med biskopen en gang i lø-

pet av grunnskole-tiden.

-Biskopen vil naturligvis sammenligne forholdene i Arna med andre menigheter og han kan sette fingeren på ting og komme med råd når han oppdager svakheter. Men en bispevisitas er en festtid for menigheten og en hyggelig begivenhet, sier Nese.

-Biskopen kommer jo utenfra og kan se tingene på en annen måte enn oss som er oppe i det til daglig. Han setter seg nøye inn i sakene og tar tingene fort, sier sokneprest Nese.



## Program

### Torsdag 9. jan. -91:

- Kl. 09.00: Skulegudsteneste Arna kyrkje.
- Kl. 10.00: Skulegudsteneste Arna kyrkje.
- Kl. 11.30: Eldretreff i eldresenteret - middag.
- Kl. 12.30: Lærarmøte.
- Kl. 16.00: Vitjing på Aldersheimen.
- Kl. 18.00: Møte med sokneråda. Medarbeidersamling.

### Fredag 10. jan.:

- Kl. 09.00: Skulegudsteneste Ytre Arna kyrkje.
- Kl. 10.30: Skulegudsteneste Arna kyrkje.
- Kl. 13.00: Arna Gymnas.
- Kl. 14.30: Middag.
- Kl. 16.00: Kontorvisitas Arna.
- Kl. 19.00: Kyrkjelydsfest i Arna kyrkjelydshus. Innviing av kyrkjelydshuset.

### Laurdag 11. jan.:

- Kl. 09.00: Tidebøn i Ytre Arna kyrkje.
- Kl. 09.45: Kontorvisitas Ytre Arna.
- Kl. 11.00: Familiegudsteneste Trengereid i samarbeid med skulen. Kyrjekaffi i skulen.
- Kl. 13.00: Tid for samtale med tilsette/soknerådsmedlemer.
- Kl. 15.30: Middag.
- Kl. 17.00: Familiesamling i Takvam kappell.

### Søndag 12. jan.:

- Kl. 11.00: Visitasgudsteneste i Arna. Felle-skor. Nattverd. Offer til Bjørgvin bispedømeråd. Visitasmøte. Kyrjekaffi.
- Kl. 18.00: Konsert Arna kyrkje. Domkantoret. Andre innslag ved lokale krefter.

## «Tre pepperkakemenn»

-Vi er tre pepperkakemenn, sang kor-medlemmene i Arna Barne-kantori da de lørdag 30. november var med og åpnet verdens største pepperkakeby i Galleriet i Bergen. Jo, det var mye pepperkake. Tre «pepperkakemenn» i barnekoret og mange «pepperkakejenter» som alle sammen imponerte med sin fine og sterke sang. Og så var det en pepperkakeordfører som også hilste på de glade sangfugler fra Arna, som var kledd i sine fine korgensere. Ordføeren i pepperkakebyen er til vanlig ordfører i Bergen by og heter Bengt Martin Olsen.

Opptredenen i pepperkakebyen har en del av Barnekantoriets kor-weekend, der også korets 5-årsjubileum ble markert. På denne weekenden overnattet barna i Kyrkjelydshuset i Arna. Mye artig program var det utover ettermiddagen og kvelden. Selve jubileumsfeiringen lørdag ettermiddag fikk også foreldrene være med på, men de må-

te gå hjem da barna tok til med sin pizza-fest senere på kvelden.

Søndag formiddag, som var første søndag i advent, deltok Barnekantoret i gudstjenesten i kirken. Etterpå inviterte de til kirkebrus i Kyrkjelydshuset.

## Vil du være med?

Arna Barnekantori tar opp nye medlemmar frå onsdag 8. januar.  
Alder: 1.-6. klasse.  
Øvingsdag: Onsdagar kl. 17.00-18.30.  
Sted: Arna kyrkjelydshus.  
Dirigent: Kantor Asbjørn Flåm.  
Leiar: Elin Hjørnevik.  
Bli med!

(Nærmare informasjon: Kontakt Arna kyrkjekontor tlf. 24 02 15/24 04 00)

# Velkommen til kyrkje

- DES. 11.** Unneland kl. 19.30. LJOSMESSE.  
**DES. 12.** Arna kl. 19. KONSERT v/Indre Arna Skulemusikk.  
**DES: 15.** 3. s. i advent — Jes. 40, 1-8.  
Arna kl. 11. Kap. Johansen. Takkoffer til kyrkjelyden sin barnehage. Søndagsskule.  
Arna kl. 19. KONSERT.  
Trengeid kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Det norske Bibelselskap.  
Ytre Arna kl. 18. JULEKONSERT.  
**DES. 22.** 4. s. i advent — Joh. 3, 26-30.  
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til dei fire diakoninstitusjonane. Søndagsskule.  
Arna kl. 19. Vi syng jula inn. Kora i kyrkjelyden. Kap. Johansen.  
Ytre Arna kl. 11. Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Norsk misjon i Øst.  
**DES. 24.** Julaftan — Luk. 2, 1-14.  
Arna kl. 14. Sokneprest Nese. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Beta-  
nia Barnekor.  
Arna kl. 15.15. Sokneprest Nese. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.  
«Barnerøster».  
Arna kl. 16.30. Sokneprest Nese. Takkoffer til diakoniarbeidet i Ar-  
na. Garnes Skolekorps.  
Ytre Arna kl. 14.30. Kap. Johansen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 16. Kap. Johansen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Trengeid kl. 15.30. Kretssekr. Hageberg. Takkoffer til Kirkens  
Nødhjelp.  
Takvam kl. 14. Kretssekr. Hageberg. Takkoffer til Kirkens Nød-  
hjelp.  
**DES. 25.** 1. juledag — Joh. 11-14.  
Arna kl. 11. Høgtidsgudsteneste. Kap. Johansen. Takkoffer til Det  
norske Misjonsselskap.  
Ytre Arna kl. 11. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Nese. Ytre Arna  
kyrkjekor. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.  
**DES. 26.** 2. juledag — Apgj. 7, 52-60.  
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til KFUM/  
KFUK.  
Trengeid kl. 11. Høgtidsgudsteneste. Kap. Johansen. Takkoffer til  
Det norske Misjonsselskap.  
**DES. 29.** Søndag e. jul — Joh. 1, 16-18.  
Arna kl. 11. Kap. Johansen. Takkoffer til Samemisjonen.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Institutt  
for sjelesorg, Modum.  
**DES. 31.** Arna kl. 23.15. Sokneprest Nese.  
Ytre Arna kl. 23.15. Kap. Johansen.  
**JAN. 01.** Nyttårsdag — Matt. 1, 20b-21.  
Arna kl. 11. Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.

- JAN. 05.** Kristi Openber. dag — Joh. 8, 12.  
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer til Santalmisjonen.  
Ytre Arna kl. 11. Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelyds-  
arbeidet.  
**JAN. 11.** Ytre Arna kl. 09.00. Tidebøn i samband med bispevisitasen. Biskop  
Per Lønning og kap. Trygve Johansen.  
Trengeid kl. 11. Familiegudsteneste i samarbeid med skulen, og i  
samband med bispevisitasen. Biskop Per Lønning og kap. Trygve  
Johansen.  
Takvam kl. 17. Familiegudsteneste i samband med bispevisitasen.  
Prost Kaare Nødtvedt og biskop Per Lønning.  
**JAN. 12.** 1. s.e. Kr. opb.dag — Joh. 1, 29-34.  
Arna kl. 11. Visitasgudsteneste. Biskop Per Lønning. Nattverd.  
Takkoffer til Bjørgvin bispedømmeråd. Søndagsskule. Visitasmøte  
og kyrkjekaffi etter gudstenesta.  
Arna kl. 19.00. KONSERT. Bergen domkantori.  
**JAN. 19.** 2. s.e. Kr. opb.dag — Joh. 4, 5-26.  
Arna kl. 11. Kap. Johansen. Dåp. Takkoffer til Norsk Gideon. Søn-  
dagsskule.  
Trengeid kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd.  
**JAN. 26.** 3. s.e. opb.dag — Joh. 4, 27-42.  
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE v/sokneprest Nese. Dåp.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11. Kap. Johansen. Takkoffer til Norsk Gideon.  
**FEB. 02.** 4. s.e. Kr. opb.dag — Matt. 14, 22-33.  
Arna kl. 11. Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Ungdommens  
misjonsaksjon. Kyrkjekaffi. Søndagsskule.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Den nors-  
ke Tippetmisjon.

## Bergen Domkantori i Arna kyrkje

Bergen Domkantori, under leiing av Domkantor Magnar Mangersnes, heldt konsert i Arna kyrkje søndag 12. januar kl. 18.00.

Magnar Mangersnes vil forutan å dirigere koret, spele sin avdeling på orgel.

### 20 års jubileum

Bergen Domkantori feirar dette året 20-års jubileum. Dirigent for koret og stiftar, er Domkantor Magne Mangersnes.

I løpet av desse åra har koret arbeidd seg fram til eit av dei beste kor vi har i landet.

Også internasjonalt har koret gjort seg bemerkta. Tre gonger har koret vunne «Let the people sing» konkurransen som Eurovisjonen arrangerar, med deltaking frå heile verda.

Koret har opptrådt i TV og radio og har mange plateinnspelningar bak seg. Den mest

kjente «Folketonar i glass og ramme» fekk også spelemannsprisen.

Konserten i Arna kyrkje markerar slutten på bispevisitasen 9.-12. januar.

Det er første gang Bergen Domkantori opptre i Arna kyrkje. Sett av denne kvelden til eit besøk i Arna kyrkje og opplev vokal-musikk på internasjonalt nivå!

## Hjarteleg takk

for gaver, hjelp og loddkjøp til inntekt for kyrkjelydshuset 26. okt. Det kom inn kr. 62.000, som er nesten nok til å gjera huset ferdig.

Med helsing  
Kyrkjeringen i Arna

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døypte

#### Ytre Arna sokn:

- 03.11: Audun Sandvik, Kristian Svardal Vikne, Marie Linga Slåke.  
10.11: Jørgen Haugland, døypt i Eidsvåg kyrkje.  
24.11: Anette Lerøen Rønhovde.

#### Arna sokn:

- 03.10: Mads Aleksander Svee Solberg, døypt i Evje kyrkje.  
20.10 Joachim Andersen Solberg, Håkon Schaug, Julie Gaarder.  
10.11: Kristin Stamneshagen, Amalie Sæle, Silje Askeland.  
24.11: Johanne Vatle, Silje Olsen Almelid, Monica Tøsdal.



### Vigde

#### Ytre Arna sokn:

- 16.11: Hans Tore Hansen og Birthe Leknesund.

#### Arna sokn:

- Bjarte Harald Eide og Mona Nilsen.

## † Døde

#### Ytre Arna sokn:

- 18.10: Harald Nilsen, f. 1907.  
15.11: Nansy Victoria Øybø, f. 1917.

#### Arna sokn:

- 07.10: Gjertrud Tveiterås, f. 1910  
04.10: Sara Kristine Berg Hansen, f. 1917  
21.10: Anna Aasheim, f. 1920  
23.10: Bernhard Henriksen, f. 1903  
29.10: Marta Johanna Skulstad, f. 1909  
01.11: Mary Frances Kristine Borge, f. 1904  
01.11: Harald Romslo, f. 1902  
08.11: Egil Arthur Holmås, f. 1917

## MØTER

#### Betania, Lone

- 19.12: Nattverdmøte.  
22.12: Vi syng jula inn kl. 16.30.

#### 1992

- 09.01: Nattverdmøte.  
12.01: Møte v/NLM.  
19.01: Møte v/Indremisjonen.  
23.01: Årsmøte v/Indremisjonen.  
25.01: Ungdomskveld v/BUF.  
26.01: Møte v/BUF.  
30.01-  
02.02: Møteveke v/Finmarksmisjonen.

## Ofringar

- 13.10: TV-aksjonen «Et nytt liv» 5.424  
20.10: Norsk Lærarakademi 2.648  
27.10: AAN 2.531  
03.11: Bjørgvin Bispedømmeråd 2.523  
10.11: Kyrkjelydshuset 1.743  
17.11: Det hvite bånd 1.589  
24.11: Kyrkjelydsarbeidet 3.284

## Kyrkjebuss frå Haukeland/Unneland

- 15.12: Kari Minde .....tlf. 24 01 54  
22.12: Jens Hauge .....tlf. 24 01 43  
25.12: Odmund Skjoldal .....tlf. 24 28 76  
26.12: Sverre Myklebust .....tlf. 24 95 05  
29.12: Berit Haugsvær .....tlf. 24 05 18  
01.01: Ingrid Hope .....tlf. 24 08 08  
15.01: Jens Hauge .....tlf. 24 01 43  
12.01: Kari Minde .....tlf. 24 01 54  
19.01: Odmund Skjoldal .....tlf. 24 28 76  
26.01: Sverre Myklebust .....tlf. 24 29 05  
02.02: Berit Haugsvær .....tlf. 24 08 15  
00.02: Ingrid Hope .....tlf. 24 08 08  
16.02: Jens Hauge .....tlf. 24 01 43

## JULEFESTAR

#### Betania, Lone:

- 27.12: Barnefest kl. 16.00.  
28.12: Julefest kl. 19.30.  
05.01: Borgafest kl. 16.00. Talar Per Nygard.

#### Unneland bedehus:

- 27.12: Julefest kl. 18.00. Andakt v/Reidun Skurtveit.

#### Tunes bedehus:

- 28.12: Julefest for heile familien kl. 16.00. Andakt v/sokneprest Kjell Nese.

#### Arna bedehus:

- 27.12: Julefest v/Barnerøster og Søndagskulen.  
05.01: Julefest kl. 18.00. Talar kap. Trygve Johansen.

#### Ytre Arna bedehus:

- 27.12: Julefest kl. 17.00 v/Søndagskulen.  
11.01: Julefest. Talar Henry Skogvoll.

#### Haugland bedehus:

- 28.12: Søndagsskulefest kl. 15.00. Andakt v/Marit Hauge.  
29.12: Julefest kl. 17.00.

## Temakveld om sorg og sorgarbeid

I februar -92 vil vi igjen få vitjing av Rasmus Lassen frå Haraldsplass.

Denne gong vil han snakke om sorg og sorgarbeid. Alle vil vi møte sorg, difor er det eit aktuelt tema for alle menneske.

Sorgarbeid - det er å arbeide med våre sorgreaksjoner. Når vi mister nokon som stod oss nært, så er det vondt.

Korleis kan vi makte å takle livet vidare? Kanskje vi denne kvelden kan få litt hjelp til det. Eller og få hjelp til å forstå/hjelpe våre medmenneske i deira sorg.

Du er velkommen i kyrkjelydshuset i Indre Arna mandag 10. febr. kl. 19.00.

**Diakoniutvalget  
i Indre Arna**

## JULAFTEN I YTRE ARNA

Når det gjelder gudstjenestene i Ytre Arna kyrkje på julaften, så blir tidspunktene forandret i år.

Den første begynner kl. 14.30 og siste begynner kl. 16.00.

Velkommen til julens gudstjenester.

## Julefest for eldre i Ytre Arna

Ytre Arna Sanitetsforening og Ytre Arna sokneråd innbyr alle eldre i Ytre Arna til julefest på Sentrum søndag 19. januar kl. 16.00.

#### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

# Julens mysterium

Svein Ellingsen (red): «Og lyset skinner i mørket».

I juletiden lengter vi etter stillhet, og vi har en trang til å fordype oss i julens mysterium. Denne boken som utkom på Verbum forlag i høst, gir oss hjelp til å fordype oss i julens glade budskap. Egentlig er det en andaktsbok som består av 14 kapitler, og som begynner med 1. juledag og slutter den tretende dag jul.

Boken er bygget opp på en meget fin måte. Hvert kapittel begynner med en kollektbønn, og etterfølges med bibeltekster. Deretter blir en passende salme sitert, og til slutt kommer en betraktning over dagen. Kollektbønnene er skrevet av den danske prest Holger Lissner og betraktningene er skrevet av kjente norske teologer og lekfolk.

Denne boken kan både brukes til stille lesning eller som høytlesning der flere er samlet. Vi har her fått en fin andaktsbok som dekker tiden fra julaften til og med 6. januar. Boken gir oss mulighet til å fordype oss i julens mysterium, og den vil hjelpe oss til å forstå at julen ikke er slutt 2. juledag. Julen er en lysfest som vi feirer et godt stykke ut i januar.

Julens hovedinnhold er Barnet fra Betlehem som ble født inn i vår verden. Dette barnet kom og fortalte oss at vi var elsket av vår Skaper. Guds kjærlighet lyser for oss mennesker fra nå og til evig tid. Eller

som vår egen biskop, Per Lønning, sier det i sin betraktning til tredje dag jul, Johannes-dagen: «Lyset gjør oss seende. Ordet — Guds ord av evighet — gjør oss hørende. To uttrykk for samme sak. «Dette er det evige liv at de kjenner deg, den eneste sanne Gud, og ham du har utsendt, Jesus Kristus.» (Joh. 17,3)

Denne boken bør få sin rettkomne plass under mange juletrær denne julen.

Trygve Johansen



**KIRKENS  
SOS**

**Treng du nokon  
å snakka med?**

**Ring 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar**

eller mellom klokka 10 og 14  
mandag til fredag.

**SAMDALS**

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

**90 19 80 hele døgnet**

**Kommer også hjem for samtale.**

**J. Teigland tlf. privat: 24 22 23**

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgevar:** Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna

**Redaktør:** Audun Stølås

**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ingvald Straume og Harald Sundsbø

**Forretningsfører:** Turid Vie

**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01.01856

Trygt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna



## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

**Kåre Bj. Hope**

*Står til teneste med alt ved dødsfall.*

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, bæretransport.

**TLF. 24 08 08**

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og forsamlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleveland A.S*  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna - Telefon 24 04 96

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**24 25 95**

*a.s. Sarepta*

5260 Indre Arna

*Frøydig*  
**SALONGEN**

Garnesveien 41 - Indre Arna

Tlf.: (05) 24 00 68

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet



10% for pensjonister alle dager.

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

**FOKUS BANK**  
avd. Arna

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

*Alltid til tjeneste*

# Doktor-grad pr. telefon


Trygve Johansen, kapellan i Arna prestegjeld i Bergen, løfter onsdag 27. november kl. 22.00 av telefonrøret hjemme i prestegården i Ytre Arna. I løpet av de to nærmeste timene skal han disputere for den teologiske doktorgrad ved Trinity-universitetet i Chicago.

To opponenter vil sitte klar til telefonmøte på universitetet i den amerikanske storbyen. Trygve Johansen sier at det er økonomiske grunner til at han disputerer pr. telefon i stedet for å reise over Atlanteren selv. — En slik reise ville lett har kommet opp i 8000 kroner. Nå går disputasen for rundt 1000 kroner i telefonutgifter, sier han.

Det er ikke noe enkelt tema presten har valgt. Tittelen på avhandlingen lyder: «Lov og evangelium som hermeneutisk prinsipp i forkynnelsen innenfor luthersk tradisjon.»

Avhandlingen, som er på 430 sider totalt, tar utgangspunkt i den kjente fortelling i Lukas-evangeliet om fariseeren og tolleren som gikk opp til templet for å be. I journalistisk kortversjon går historien ut på at tolleren, som ikke våget å løfte blikket mot himmelen, men ba Gud om nåde for sine synder, gikk rettferdig bort. Farriseeren, som la ut om alle sine gode sider, gjorde ikke det.

Johansen har analysert



*Kapellan Trygve Johansen i Arna som disputerer for doktorgraden ved et universitet i Chicago pr. telefon. (Foto: NTB)*

prekener fra forskjellige teologiske miljøer ut fra hvordan det dømmende og frigjørende aspektet kommer frem. En gruppe på 18 kirkegjengere i Sælen menighet, der Johan-

sen var sogneprest før han kom til Arna, har analysert hans egne prekener.

Doktorgraden er avlagt på fritiden. Han har brukt åtte år på arbeidet. (NTB)